



Gol kommune

# Møtoreferat

---

**Referatdato:**

22.05.2019

**Møtedato:**

**Referanse:**

19/00148-10

**Mottakarar:**

Hege Mørk/Rådmannen; Heidi Granli/Ordføraren; Svein Eide/Samfunn og utvikling

**Referent:**

Jørn Magne Forland

**Kopi:**

Gol bondelag, Gol beitelag, Gol og Hemsedal bonde og småbrukarlag

---

## Referat frå klimarådet i mai

Tilstades: Ordførar Heidi Granli, rådmann Hege Mørk, kommunalsjef for samfunn og utvikling Svein Eide og miljøvernrådsgjevar Jørn Magne Forland

Jordbruksorganisasjonane i Gol vart invitert til å komma på møtet, som i sin heilskap skulle dreie seg om klima og landbruk.

Frå Gol bondelag møtte leiar Magne Øynebråten

Frå Gol beitelag møtte leiar Asle Berg Bråtalen

Frå Gol og Hemsedal bonde og småbrukarlag (GHBS) møtte Embrik Rudningen.

Per Liahagen i Gol sau og geit var invitert, men kunne ikkje komme.

Punkt	Beskrivelse	Ansvarleg	Frist
1	<b>Orientering og informasjon frå organisasjonane, eigne innspel til klima og miljøarbeid:</b> GHBS; viktig å halde fokus på hyttebygginga framover. Når er taket nådd? Om ein held fram i same tempo er det ikkje lenger berekraftig. GHBS: Orientering om prosjekt (3-årig) i regi av Buskerud bonde og småbrukarlag. <i>Prosjekt karbonbinding,</i>		

*jordfruktbarhet, avlingsmengde og avlingskvalitet i fjellandbruket i det nye fylket Viken*  
Prosjektet går då, kort fortalt, ut på å prøve ut karbonbindande/humusoppbyggande metodar ved bruk av EM ferment, mineralsk balansering i jorda, endra jordbearbeidingsmetodar, noko endra gjødslingspraksis og bruk av en del kompost. Meir om prosjektet følgjer med som vedlegg til referatet.  
Utprøvinga skjer på garden til Embrik Rudningen. Det er enda for tidleg å seie noko om resultatane. Gol kommune er svært interessert i å følgje dette vidare og kan vere ein medspelar på informasjonssida.

Det er elles viktig å informere om betre bruk av talle som kompost. Det er ein uutnytta ressurs for mange i dag, og kan også vere ei kjelde til forureining.

Gol bondelag: Viktig med fokus på tiltak mot forsøpling langs veg der landbruket er tett på. Gardbrukarane sjølve må også verte flinkare til å handtere landbruksplast, især frå rundball.

Det er ikkje lenger gratis å levere landbruksplast til avfallmottaka. Dette kan medvirke til meir forsøpling, sjølv om alle har eit ansvar for avfall som oppstår i næringa. Ordførar Heidi Granli tek opp saka i representskapet til Hallingdal renovasjon, då med sikte på at landbruksplasten igjen kan verte gratis å levere.

Gol beitelag: Orientering om gjerdeprosjekt på Golsfjellet der nær 2/3 av finansieringa er på plass. Dette er viktig for å halde sauene innanfor beiteområda og kan vere avgjerande for fleire held fram med sau. Det kan også medvirke til at andre vil leige beiteareal.

Gol beitelag kom elles inn på dette med å kartlegge areal mht best mogeleg utnytting av ressursane, også med tanke på transport og sparte dieselkostnader. Dette vil vere ei rein matematisk oppgåve, då all tilgjengelig informasjon ligg inne i statleg landbruksforvaltning sine databasar. Asle Berg Bråtalen sjekker opp om det kan verte interesse for ei slik oppgåve blant studentar, for eksempel ved NTNU.

Bråtalen peiker elles på at den jamne bonde kan ha trong for meir kunnskap, blant anna innanfor klima og miljø, og at kommunen kan vere ein viktig pådrivar for å skape

	arenaer for slikt. Gol kommune er ikkje negativ til dette, men meiner at næringa sjølv må vere delaktige her då dei er tettare på. Viktig å ha møter på tider av året der folk flest kan møte.		
2	<p><b>Presentasjon og diskusjon om kommunens energi – og klimaplan med fokus på tiltak innanfor landbruk</b></p> <p>Det vart kjapt vist til kommunens energi og klimaplan, då med fokus på tiltaka innanfor landbruk:</p> <p>Betre drenering av landbruksjord  Optimalisering av gjødsling  Betre lagring av husdyrgjødsel  Biogassprosjekt</p> <p>Alle organisasjonane meiner det er viktig å sjå på dei tre fyrste tiltaka der det er potensiale for forbetring og at næringa må vere delaktig her. Angående biogassprosjektet så har kommunen ikkje fått svar på klimasatssøknaden enda.</p>		
3	<p><b>Aktuelt</b></p> <p>Visning av statistikk av klimagassutslepp for Gol på miljødirektoratets nettsider. Dei samla utsleppa går ned i høve 2015 tal. Men, utsleppa frå landbrukssektoren aukar.</p>		

Referent

Jørn Magne Forland  
miljøvernrådsgjevar

Vedlegg: Sjå neste side

# Prosjekt karbonbinding, jordfruktbarhet, avlingsmengde og avlingskvalitet i fjellandbruket i det nye fylket Viken.

## Innledning.

Fjellandbruket er en viktig del av det nye fylket Viken. Fjellandbruket leverer mange miljøgoder som kulturlandskap, biologisk mangfold (bl.a. seterdrift) m.m., men er også viktig for å produsere mat fra arealer som ellers ikke ville vært i bruk. Mjølk og kjøtt er de viktigste produktene fra fjellandbruket vårt. Brukene som skal delta i dette prosjektet har dyrka jord i området 250 – 1000 meter over havet.

Det er i alt vesentlig gras og noe andre grovforvekster som dyrkes sjøl om det i tidligere tider også ble dyrket både korn (bygg), poteter, grønnsaker og bær i all hovedsak til eget bruk. Noen bruk er i ferd med å etablere dyrkingsmiljøer også innenfor hagebruket og dermed ta opp igjen den tradisjonen.

Det har vært gjort lite undersøkelser både i forhold til humus og biologisk mangfold i dyrka jorda i dette området. Humusoppbygging – også kalt «karbonlagring» - er viktig uansett hvor dyrkingsområdene ligger. Humus er viktig både for langvarig produksjonsevne, vannhusholdning i jord og for i størst mulig grad å kunne møte utfordringen med et stadig mer ustabil klima som synes å skyldes i alt vesentlig økning av innholdet av CO<sub>2</sub> i atmosfæren og dermed en global temperaturøkning.

Den viktigste «motgiften» mot denne utviklingen er å bygge en robust jordorganisme som kan være både en buffer, men også ha et bedre potensial for produksjon av forvekster og hagebruksvekster selv om klimaet vil kunne variere mye. En levende, dynamisk jordorganisme hvor humus i alle former bygges opp over tid vil kunne være mye av svaret på dette.

## Prosjektbeskrivelse.

I prosjektet ønsker vi å prøve ut ulike, praktiske metoder for å øke humusinnholdet (både den aktive delen og stabile delen. Vi ønsker også å prøve ut enkle målemetoder og jordprøver for å kunne dokumentere og få et bedre erfaringsgrunnlag å bygge på både i vår egen tid og for neste generasjoner.

- Utprøving av biologisk behandling av talle og blautgjødning med effektive mikroorganismer (EM1 eller liknende produkter) kalles videre i beskrivelsen for «ferment». Kan hindre utvikling av metan som er en farlig klimagass.
- Utprøving av det samme fermentet sprøytet på eng og åker.
- Utprøving av stedeegne mikroorganismer gjennom komposter designet for bruk i Aerob kompostkultur.
- Utprøving av tilførsel av ulike mineraler som leirpulver, steinmel og liknende gjerne sammen med ferment og/eller aerob kompostkultur både i gjødning, på eng og i åker.
- Utprøving av ulike komposteringsmetoder (rankekompostering, mikrobiell karbonisering m.v.
- Oppfølging med jordprøver før oppstart og deretter etter vurdering i vekstsesongen gjennom hele prosjektperioden. Vi vil bruke både vanlige jordprøver, Albrecht analyser, biologisk jordanalyse samt visuell analyse

«Helsekort jord».

- Føre logg gjennom hele prosjektperioden – «humusdagbok».

### **Organisering.**

Prosjektet organiseres gjennom Buskerud Bonde- og Småbrukarlag. Det vil bli opprettet en kombinert styrings- og referansegruppe. Denne gruppen velger også ut de aktuelle brukene som ønsker å delta i prosjektet.

Det skal vært år utarbeides en årsrapport som viser utviklingen i prosjektet og som kan brukes til å vurdere nødvendige justeringer